

Kapasitetsproblem ved hematologisk avdeling Helse Førde

Notat frå 19.09.17 ved

Ingunn Solheim Terøy

Avdelingssjef

v/Kreftavdelinga

578 39201

Helse Førde HF

Ynskjer å informere ut til fastlegar i Sogn og fjordane at vi i kreftavdelinga ved FSS, ein periode har begrensa resursar innan hematologi (usikker varighet).

Fint om de kan informere der det er aktuelt i dykkar område, takk!

(Avdelingar ved FSS har også fått same informasjon)

Ved kreftavdelinga har vi for tida knapt med lege resursar innan hematologi. Det er per i dag overlege Damian Szatkowski og LIS hematologi Ragnhild Frøyen. (sengepost/poliklinikk)
Vi ser behov for å informere aktuelle avdelingar og håpar med dette at ein kan sile noko i henvisningane til hematolog.

Det kjem ein del henvisningar der ein tenkjer seg det kan gjerast noko meir utredning i førekant, (eks. forhøga ferritin, SR)

Ein ynskjer henvisningar på primære hematologiske sjukdommar og i mindre grad sekundære. Ved henvisninger til vår avdeling kor ein ikkje har mistanke om akutt blodsjukdom eller primær blodsjukdom ber ein om at terskelen for å sende henvisning eller ringe og konferer er høgare og at ein ber henvisende lege forsøke å utrede mest mulig lokalt med blodprøver.
Viser til nasjonale retningslinjer for utrening av benigne blodsjukdommer som er tilgjengelig for alle leger. Dette er eit generelt råd og skulle ein vere usikker må ein sjølvsagt ta kontakt.

Avdelinga har begrensa mulighet til å ta preparat til microscopering (blod og beinmargsutstryk). Dette vil kun bli vurdert på torsdagar, då vi ein periode framover har avtale m/hematolog (Axel Bohl) om dette.

For øvrig minner ein om at mistanke om høggradig lymfom hos pasienter <65 år skal henvisast direkte til HUS for diagnostikk og behandling.

Vi håpar sjølvsagt at situasjonen endrar seg snarast, men ber om forståing for at ein må prioritere i henvisningar!